

ARBEIDET MED NYNORSK RETTSKRIVING

MØTE I NEMNDA, I SPRÅKRÅDET 14. APRIL 2010 KL. 8.30-15.30

Til stades: Grete Riise, Åse Wetås, Karin Magnetun, Svend Arne Vee, Ragnhild Bjørge, Tore Elias Hoel og Aud Søyland

Forfall: Unn Røynealand og Marit Hovdenak

1 Innkalling, referat og sakliste

Innkallinga vart godkjend. Referatet er tidlegare godkjent via e-post. Saklista vart godkjend med eitt tillegg: Orienteringssaker.

2 Orienteringssaker

Korte meldingar frå besøk

Grete Riise og Aud Søyland refererte frå møte med *Dag og Tid*, *Aschehoug* og *Arkitektst*.

Svend Arne Vee har hatt møte med sju nynorskredaktørar.

Andre det kan vera aktuelt å møta

- Helge Sandøy og Jan Terje Faarlund
- Allegro
- Bergens Tidende
- Universitetet i Bergen
- LNU
- Nynorsksenteret
- Lesesenteret
- Universitetsforlaget
- Fagbokforlaget
- Det Norske Teatret?

Husnormer

Me må få tak i husnormene frå fylkeskommunane i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Telemark, og frå departement som har det.

Innlegging av avismateriale i Nynorskorpuset

NO har fått kontrakt med alle aviser bortsett frå Klassekampen, som vil ha eit sett av Norsk Ordbok som takk for hjelpa.

Andre tekstar til Nynorskorpuset

- Synnøve Myking er ferdig med å plukka nettekstar frå dei fire fylkesmennene som har nynorsk tenestemål.
- Ho er i gang med å plukka nettekstar frå åtte nynorskkommunar.
- Marit Hovdenak har laga ei oversikt over nynorske stortingsmeldingar o.a. Me reknar på å ta med det meste frå dei siste ti åra.

- Grete har vore i kontakt med utdanningsdirektøren i Hordaland, som tek imot eksamensoppgåvene frå Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Me må senda søknad om å få tilgang til dei med tanke på å bruka dei til ei undersøking. Dessutan vil me be om å få leggja dei inn i Det nynorske korpuset. Det er mogleg å leggja det inn som ein eigen base under Nynorskopuset, ev. Det hadde òg vore interessant å få teke eit spadestikk på Austlandet. I så fall må me finna ut kva for utdanningsdirektør som dekkjer til dømes Telemark og Buskerud, og kor omfattande det vil vera å trekkja ut dei aktuelle dokumenta.

Anna

Studentar ved Universitetet i Agder arbeider med ein studie om bruk av former. Dei tek kontakt med oss om resultatet.

Grete skal orientera om arbeidet vårt på styremøte i Litteraturselskapet i Samlaget.

3 Ny vurdering av prinsippa for forenkling av norma

Merknadene frå fagråd 3 er utgangspunktet for at me tek saka opp att. Heile saka, med eit par endringar i saksutgreiinga, og i vedtaket, går til styret og fagråd 3 til ny godkjenning.

Endringar i saksutgreiinga under "Drøfting":

- a) "Tydeleg, enkel og stram norm" er det fyrste prinsippet, og det som me har lagt mest vekt på utetter når me har presentert arbeidet me skal gjera. I "tydeleg" og "stram" ligg det at det skal vera ei nasjonal norm med mindre valfridom enn i dag. "Enkel" kan innebera både at nynorsken skal vera eintydig, og at han skal vera enkel å læra. **Dette kan i somme tilfelle vera motstridande omsyn, men det er noko av det me må finna utav.**
- b) "Stabil over tid": Rettskrivingsnorma som me no kjem fram til, skal bli ståande lenge. Derfor er det viktig at me vågar å gjera vedtak som er framtidsretta og kan bli ståande lenge. Samtidig er det viktig at me i normeringsarbeidet ikkje berre ser på tradisjonell nynorsk, men på nynorsken til unge språkbrukarar. **Me vil leggja vekt på former som har vist seg stabile over tid, og som ser ut til å styrkja seg.**

Nytt vedtak om prinsippa:

Riise-nemnda vil bruka desse prinsippa i arbeidet for å forenkla nynorsknorma:

1. *Nynorsken skal normerast på eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål).*
2. *Normeringa skal skje ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (det skal bli ei nasjonal norm, ikkje regionale normer).*
3. *Talemålsformer med stor geografisk utbreiing skal tilleggjast vekt.*
4. *Lite brukte former skal som hovudregel takast ut av norma, medan variantar som står sterkt, skal jamstellast.*

4 Vidare møteplan

14. april	Prinsippa ein gong til
	Andre vokalvariasjonar, spørsmålet vokal/diftong,
8.-9. juni	Enkel/dobbel konsonant, substantiv, adjektiv, adverb
18. august	Pronomen, verb
14. september	Verb

15. oktober	Verb, samsvarbøying
16. november	Ny gjennomgang av førebels vedtak
14. desember	Framhald ny gjennomgang
13.-14. januar	Framhald ny gjennomgang, klargjering til høyring
20. februar	Førebuing til høyring
21. februar	Høyring
3. mars	Gjennomarbeiding av høyringsmerknader
29. mars	Gjennomgang av endeleg sakspapir
1. april	Overlevering av endeleg sakspapir

5 Nettsidene

Diskusjonsforumet er så å seia klart, og blir truleg opna i morgon. Namneframlegget frå Svend Arne vann: Nynorsk 2011

Det er viktig at me får innlegg frå starten som er folkelege, og som ikkje skremmer folk frå å delta.

Det er laga infoark om diskusjonsforumet. Arket blir delt ut på landsmøtet i Noregs Mållag og andre stader. Det går òg ut e-post med informasjon til lærestader og nynorske institusjonar.

6 Normering

Nytt førebels vedtak om nokre ord som var oppe til behandling sist:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving som separate oppslagsord:	
<i>drynja v.</i>	<i>drønna v.</i>
<i>dynja v.</i>	<i>dønna v.</i>
<i>gryppja v.</i>	<i>grøppa v.</i>
<i>grysja v.</i>	<i>grøssa v.</i>
<i>mylne f.</i>	<i>mølle f.</i>
<i>rysja v.</i>	<i>røsa v. (røs, røste, røst)</i>
<i>stynja v.</i>	<i>stønna v.</i>
<i>symja v.</i>	<i>svømna v. (svømmer, svømde/svømte?, svømt)</i>

Det er gode argument for å sjå på desse orda som ulike oppslagsord. Prinsippa for å sjå på ord som ulike oppslagsord må vera:

- at dei har ulik rotvokalisme
- at dei til dels har ulik bruk

Pragmatiske omsyn har gjort at ein tidlegare har dytta saman ord som kanskje ikkje burde ha stått som eitt oppslag i ordlista. Framtidige ordlister toler mykje større ordtilfang enn dagens ordlister, fordi dei i stadig større grad blir digitale.

Førebels vedtak:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Desse formene går ut:
ei - e	
<i>greve</i> m.	[<i>greive</i>]
<i>grevinne</i> f.	[<i>greivinne</i>]
<i>leist</i> el. <i>lest</i> m.	
<i>peik</i> el. <i>pek</i> n. (prette)	
<i>peik</i> el. <i>pek</i> n. (frampeik, ymt, vink)	
<i>peika</i> v.	[<i>peka</i>]
<i>sleisk</i> el. <i>slesk</i> adj.	
<i>treisk</i> adj.	[<i>tresk</i>]
a - e	
<i>aftan</i> el. <i>eftan</i> m.	
<i>anten</i> el. <i>enten</i> subjunk.	
<i>bar</i> el. <i>berr</i> adj.	
<i>framand</i> adj.	<i>fremmend</i>
<i>henga</i> v.	<i>hanga</i>
<i>harsk</i> adj.	<i>hersk</i>
<i>kvalp</i> el. <i>kvelp</i> m.	<i>valp</i>
<i>lating</i> m. (lat person)	<i>leting</i>
<i>laken</i> n.	<i>lakan</i>
<i>messing</i> m.	<i>massing</i>
a - o	
<i>avund</i> f.	[<i>ovund</i>]
<i>haldning</i> f.	<i>holdning</i>
<i>honk</i> f. (band, ring til å trøe noko innpå)	<i>hank</i>
<i>harr</i> m. (fisk)	<i>horr</i>
<i>harv</i> f.	[<i>horv</i>]
<i>maske</i> f. el. m. (garnlykkje)	<i>moske</i>
<i>tann</i> f.	[<i>tonn</i>]
<i>trapp</i> f.	[<i>tropp</i>]
<i>vald</i> m.	[<i>vold</i>]
<i>valda</i> v.	[<i>volda</i>]
a - æ	
<i>arr</i> n.	<i>ær</i>
<i>stær</i> m. (augesjukdom)	<i>star</i>
a - å	
<i>allmenn</i> el. <i>ålmenn</i> adj.	
<i>allmente</i> el. <i>ålmente</i> f.	
<i>allmuge</i> el. <i>ålmuge</i> m.	
<i>drap</i> n.	[<i>dråp</i>]
<i>måla</i> v. (stryka farge på noko)	[<i>mala</i>]
e - i	

<i>fete</i> m. (feitleik)	[fite]
<i>segla</i> el. <i>sigla</i> v.	
<i>siv</i> n.	<i>sev</i>
<i>tre</i> determ.	[tri]
<i>venstre</i> adj.	[vinstre]
e - æ	
<i>bre(da)</i> v. (smelte; få til å smelte)	[bræ(da)]
<i>breka</i> v. (om sau: gje frå seg lyd)	<i>brekja</i> [bræk(j)a]
<i>bresa</i> v. (spraka; steikja noko feitt)	[bræsa]
<i>deld</i> f. (søkk, grop)	[dæld]
<i>esa</i> v. (heva)	[æsa]
<i>fres(a)</i> v.	[fræs(a)]
<i>gjeta</i> v.	[gjæta]
<i>hær</i> m.	[her]
<i>krekebær</i> n. (krekling)	[krækjebær]
<i>kremmar</i> m.	[kræmar]
<i>kresen</i> adj.	[kræsen]
<i>kvede</i> n. (kvad)	[kvæde]
<i>kven(sk)</i> adj.	[kvæn(sk)]
<i>kvesa</i> v.	[kvæsa]
<i>samkvem</i> n.	<i>samkvæme</i>
<i>sete</i> n.	[sæte]
<i>seter</i> f.	[sæter]
<i>skremma</i> v.	[skræma]
<i>sprek</i> adj.	[spræk]
<i>strena</i> v.	[stræna]
<i>sær</i> (-leg, -skild osv.) adj.	[ser] ([-leg], [-skild] osv.)
i - y	
<i>byrke</i> el. <i>byrkje</i> f. (bjørkesevje)	<i>bjørkje</i> [bjørke] el. <i>birkje</i> [birke]
<i>klippa</i> v.	[klyppa]
jo - y, jo - ju	
<i>by(da)</i> v.	[bjoda]
<i>gysa</i> v.	[gjosa]
<i>gyta</i> v.	[gjota]
<i>lyd</i> m.	<i>ljod</i>
<i>lys</i> n.	<i>ljøs</i>
<i>lyta</i> v. (måtta)	<i>ljota</i>
<i>skyta</i> v.	[skjota]
<i>syda</i> v. (koka, brusa)	<i>sjoda</i>
<i>tyr</i> m. (okse)	<i>tjor</i>
o - u	
<i>boble</i> f.	[buble]
<i>fomma</i> v. (fomla)	<i>fuma</i>
<i>fomla</i> v.	<i>fumla</i>
<i>fomlen</i> adj.	<i>fumlen</i>
<i>grom</i> adj.	<i>grum</i>

<i>jul</i> f.	[jɔl]
<i>mogleg</i> el. <i>muleg</i> adj.	<i>mogeleg</i>
<i>okse</i> m.	<i>ukse</i>
<i>skjul</i> n. (gøymestad, skur)	<i>skjol</i>
<i>smult</i> n. (svinefeitt)	[smolt]
<i>somla</i> v.	<i>sumla</i>
<i>somme</i> determ.	[sume]
<i>snorka</i> v.	<i>snurka</i>
<i>tomsen</i> adj.	<i>tumsen</i>
o - ø	
<i>møll</i> m. (insekt)	<i>mòl</i>
<i>morr</i> m.	<i>mor</i> [mør]
o - å	
<i>bråte</i> m.	<i>brote</i>
<i>dråk</i> f., fl. <i>dræker</i> (jente)	<i>drok</i>
<i>så</i>	[so]
u - y	
<i>burda</i> v. infinitiv (måtta, skulla)	<i>byrja</i> (i tydinga 'måtta, skulla')
<i>rydning</i> m.	[rudning]
<i>skunda</i> v.	[skynda]
<i>stytta</i> v. (gjera stuttare)	<i>stutta</i>
<i>stytting</i> f. (det å stutta) og m. (stutt slede)	<i>stutting</i>
<i>sydfrukt</i> f.	<i>sudfrukt</i>
<i>sydlandsk</i> adj.	<i>sudlandsk</i>
<i>sydlending</i> m.	<i>sudlending</i>
<i>tynn</i> adj.	[tunn]
u - ø	
<i>jutul</i> m.	<i>jøtul</i>
<i>kløft</i> f.	<i>kluft</i>
<i>kløfta</i> adj.	<i>klufta</i>
<i>tønne</i> f.	<i>tynne</i> [tunne]
<i>turka</i> el. <i>tørka</i> v.	
<i>turr</i> el. <i>tørr</i> adj.	
y - ø	
<i>ryllick</i> el. <i>røllik</i> m. (plante)	
æ - å	
<i>låsa</i> v.	<i>læsa</i>
<i>måla</i> v.	<i>mæla</i>
Enkeltord	
<i>beisel</i> n.	[beksel]
<i>beisla</i> v.	[beksla]
<i>bilete</i> el. <i>bilde</i> n.	
<i>bose</i> f. (halmseng)	<i>boso</i>

<i>fremja</i> el. <i>fremma</i> v.	
<i>idrett</i> m.	[<i>idrott</i>]
<i>korleis</i> adv.	[<i>koss</i> el. <i>hoss(en)</i>]
<i>kven</i>	[<i>hokken</i>]
<i>midt-</i> prefiks	<i>mid-</i>
<i>sidan</i> adv.	<i>sia</i>
<i>skrog</i> n. (fly-)	<i>skrov</i>
<i>terskel</i> m.	<i>treskel</i>
<i>tilfeldig</i> adj.	<i>tilfelleleg</i>
<i>trøndersk</i> adj.	<i>trøndsk</i>
<i>veikje</i> f. (jente)	<i>vækje</i>
<i>øgle</i> f.	<i>ødle</i>

Desse formene blir ståande i ny rettskriving som separate oppslagsord:		Går ut:
<i>kross</i> m.	<i>kors</i> n.	
<i>kvefs</i> m.	<i>veps</i> m.	
<i>verdi</i> m.	<i>verd</i> n.	<i>verde</i> n.
<i>bøk</i> m. (treslag)	<i>bok</i> f.	
<i>tøffel</i> m.	<i>tofle</i> f.	

Desse orda skal nemnda koma tilbake til:	
a - e	
<i>berre</i> [<i>bare</i>] adv.	
<i>hjarde</i> [<i>hjerte</i>] n.	
o - u	
<i>sommar</i> [<i>sumar</i>] m.	
o - å	
<i>drope</i> [<i>dråpe</i>] m.	
<i>no</i> [<i>nå</i>] adv.	
<i>tola</i> [<i>tåla</i>] v.	
<i>tolmod</i> [<i>tålmod</i>] n.	
u - y	
<i>skuva</i> v. <i>skuvar</i> , <i>skuva</i> , <i>skuva</i> ; el. <i>skyva</i> , <i>skyv</i> , <i>skauv</i> , <i>skove</i> ; el. <i>skyva</i> -er, -de, -d/-t	
Enkeltord	
<i>gjera</i> [<i>gjøra</i>] v.	
<i>leie</i> [<i>lægje</i>] n.	
<i>mye</i> el. <i>mykje</i> adj.	
<i>skjærseld</i> el. <i>skirseld</i> m.	
<i>sti</i> el. <i>stig</i> m. (skogs-)	
<i>trua</i> el. <i>truga</i> v.	
<i>trugsel</i> el. <i>trussel</i> m.	

Aud Søyland refererte.